
Saknr: 2020/40026-2
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.06.2020

Grønt vegkart for kunst og kulturfeltet

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune støtter arbeidet med å utarbeide eit Grønt vegkart for kultursektoren.
2. I tråd med Utviklingsplan Vestland (Regional planstrategi 2020 - 2024) der mål 2 er «*Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling*» vil Vestland fylkeskommune følgje opp Grønt vegkart for kultursektoren med ein regional strategi der alle relevante aktørar vert invitert til å delta i utforming og gjennomføring. Temaet vert sentralt i kulturkonferansen 2020.
3. Det vert innarbeidd som eit generelt krav i budsjettprosessen at mottakarar av tilskot til kunst og kulturføremål legg vekt på ei mest mogleg berekraftig verksemd. Tiltak innan feltet skal omtalast i søknad og rapportering.
4. I samband med tilskot til drift, prosjekt og utviklingstiltak kan fylkeskommunen vurdere økonomisk kompensasjon for fordyrande tiltak som kan kutte klimautsleppa til t.d. festival- og turnéverksemd.

Samandrag

Grønt vegkart for kultursektoren er sett på dagsorden nasjonalt. Fylkesdirektøren rår til at dette, som eit lekk i fylkeskommunal oppfølging av berekraftsmåla i Utviklingsplan for Vestland, vert arbeidd vidare med i Vestland fylkeskommune innan kultur, idrett og frivilligfeltet. Dette gjeld meir klimavennlege tiltak internt i organisasjonen og ovanfor eit breitt felt innan kultur, idrett og frivillig arbeid.

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad
konst seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regjeringa la fram strategi for grøn konkurransekraft i 2016. Føremålet er å få det private næringslivet med på laget i omstillinga mot det grønne skiftet. Som eit resultat er det laga 17 vegkart for grøn konkurransekraft for ulike bransjar. I 2021 er det kulturfeltet sin tur.

4 organisasjonar; Norske Konsertarrangører, Hovedorganisasjonen Virke, Norske kulturhus og Norsk Teater- og Orkesterforening (NTO) er initiativtakarar til vegkartet. Målet med initiativet er at kultursektoren likt med andre sektorar i Norge skal ta sin del av ansvaret, og å bidra til å gjere Norge grønare og å kartlegge kvar sektoren kan gjere ein forskjell for klima og miljø.

Vegkartet vil presentere tiltak for å kutte utslepp, formidle kunnskap, motivere sektoren og bidra til klimadebatten. Vegkartet skal gi overordna status, samt konkrete målsettingar og forslag til tiltak for å redusere klimaavtrykket i sektoren. Målet er å ha klart eit vegkart for ein grøn og berekraftig kunst- og kultursektor i januar 2021.

Dette er forankra i eit lanseringsmøte 21.01.20 der eit breitt kunst og kulturliv deltok saman med kulturminister og klima- og miljøminister.

Linnéa Svensson, styremedlem i Greener Events, er prosjektleiar for det nye vegkartet og initiativtakarane er styringsgruppe. No etterlyser dei innspel frå heile bransjen. *«Før vi kan komme med verktøyene, må vi vite hvor skoen trykker. Vi kan anta ganske mye, men vi må lytte slik at vi bedre forstår omfanget»*, seier leiar Åse Kringstad i Virke Produsentforeningen. *«Vi tar for oss FNs bærekraftsmål med konkrete målsettinger for 2030 og 2050. Det skal handle om de områdene hvor kunst og kultursektoren kan gjøre størst forskjell, med et særlig fokus på klima»*.

Vegkartet er ein modell for omstilling, der ein skal:

- skildre utfordringane
- skissere mål
- lansere tiltak og satsingar

Vegen vidare:

- Ein arbeider no med å kartlegge gode døme/pilotar, innan både temporære arrangement og heilårs drift
- Ein skal ha ein dialog fram til sommaren der ein skal finne fokusområde og behov.
- I august er det arrangert ein halvvegskonferanse
- Hausten 2020 samanfatar ein informasjonen til eit vegkart
- Vegkartet vert etter planen lansert 21.01.21.

Etter fylkesdirektøren si vurdering bør fylkeskommunen stimulere og oppmode regionale kulturaktørar og samarbeidspartar til å følgje opp initiativet til grønt vegkart for kultursektoren. Dette vil sikre at tiltak og innretning vil vere i tråd med behova hos kulturfeltet i Vestland og sikre iverksetting og gjennomføring i heile landet.

Grønt vegkart i Vestland

Utviklingsplan Vestland (Regional planstrategi 2020 - 2024) legg FN sine berekraftsmål til grunn for all utvikling i Vestland. Å utarbeide grønne vegkart er i tråd med måla som er sett opp, der mål 2 er *«Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling»*.

Fylkesdirektøren ønskjer at Vestland fylkeskommune følgjer opp Grønt vegkart for kultursektoren i Vestland gjennom arbeidet med utviklingsplanen og anna planlegging. Det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at ein engasjerer breitt i både kunst og kultur, kulturarv, idrett og friluftsliv og frivilligfeltet. Samtidig må vi utarbeide gode strukturar i Vestland fylkeskommune, både for eigen tenesteproduksjon og tilskotsforvaltning.

Fylkeskommunen, som regional utviklar, tek eit ansvar for å formidle og koordinere tankegodset i regionen gjennom fleire tiltak:

Tiltak internt i Vestland fylkeskommune

- Vestland fylkeskommune følgjer opp Grønt vegkart for kultursektoren med ein regional strategi der alle relevante aktørar innan feltet vert invitert til å delta i utforming og gjennomføring. Strategien vert kopla på utarbeiding av ein ny regional kulturplan. Den skal også sjåast i samanheng med regionale planar innan klima og miljø og er ein del av tiltaka for å nå måla i Utviklingsplan for Vestland.
- Meir klimavennlege og berekraftige tiltak er i fokus i alt fylkeskommunalt kulturarbeid
 - Turneverksemd i DKS
 - Fylkeskommunale arrangement som UKM, konferansar og møter
 - Under jobbreiser
- Kunnskapsbygging om utfordringar for feltet, løysingar og moglegheiter.
- Gjennomgåande tema i konferansar og nettverksarbeid.
- Etablere ein grøn arrangementsstandard for fylkeskommunale arrangement

Tiltak ovanfor regionalt kulturliv

- Informasjon, kunnskapsdeling i fylkeskommunale nettverk og i kulturnettverk. Dette vert m.a. eit sentralt tema på kulturkonferansen 2020 for Vestland fylke.
- Vestland fylkeskommune innarbeider vilkår om grønne klimaløysingar ved tilskot.
 - Dette kan t.d. formulerast i vilkår og reglement for tilskot innan kunst og kultur, idrett og friluftsliv, inkludering og frivilligfeltet med ei lik formulering slik: *I tråd med FN sine berekraftsmål legg Vestland fylkeskommune til grunn at mottakarar av tilskot legg vekt på ei mest mogleg berekraftig verksemd. Tiltak innan feltet skal omtalast i søknad og rapportering.*
- Vurdere å gi økonomisk kompensasjon for fordyrande tiltak som kan kutte klimautsleppa til t.d. festival- og turneverksemd. Dette kan gjerast som ein del av eksisterande tilskotsforvaltning eller gjennom oppretting av ei eiga søkbar ordning. Dette kan vere eit av tiltaka som vert vurdert i ein regional strategi. Det kan òg dreie seg om tiltak innan transport, energibruk, innkjøp, servering og gjenvinning av avfall. Digitalisering, innovasjon og nytenking på området kan også vere aktuelle føremål, som t.d. miljøsertifisering av festivalar.
- Ein kan vurdere å etablere satsingar som stimulerer til samfunnsdebatt og premierer at utfordringa vert sett på dagsorden, slik t.d. kulturrådet har eit tilskotsordning til kunstnarar som tematiserer klimakrisa.
- Utfordre aktørar i Vestland til aksjon. Her må dei store arrangørane og institusjonane i regionen utfordrast til å vere med og utforme satsingane nasjonalt og særleg til utforminga av den grønne vegkartet for kultursektoren. Her har vi fleire gode aktørar som har arbeidd godt med tematikken i fleire år. Små arrangørar kan også bidra i stor grad til dette og har rom for å gjere arbeid og tiltak som monner innanfor feltet. Vi viser til BRAK som har utarbeidd miljøguiden Grøn Festival, og Bergen kommune som har tatt initiativ ovanfor kulturaktørane i byen ang. klimakutt.

Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og inkludering jf. delegeringsreglement

Vurderingar og verknader

Økonomi: Kan ha verknad dersom ein set vilkår for tildeling av eksisterande tilskot eller opprettar nye tilskotsordningar. Dette må avklarast i budsjettprosess eller ved endring av retningsliner for tilskot.

Klima: Kan få positiv verknad for klima.

Folkehelse: Miljøet har innverknad på fordeling av helse. Ved å rette fokus på faktorane som verkar inn på helsa, blir det synleg korleis alle sektorar i samfunnet har eit ansvar for å bidra til ei positiv utvikling for både helse og samfunn.

Regional planstrategi: vil vere med og oppfylle klima og bærekraftsmål i utviklingsplan for Vestland.

Ein tenkjer ofte ikkje primært på kultursektoren i samanheng med klima og berekraft. Sektoren har likevel store moglegheiter og difor eit ansvar. Føremålet med eit grønt vegkart er både å bli betre sjølve, og å inspirere andre til å løyse klimautfordringane. Til liks med at kulturdepartementet ønskjer å følgje opp grønt vegkart for kultursektoren bør også Vestland fylkeskommune ha dette høgt på sakskartet. Fylkeskommunen sitt perspektiv må vere heile breidda innan kultur, idrett og inkludering.

Det er etablert eit internt samarbeid med Avdeling for strategi og digitalisering, seksjon plan, klima og folkehelse for å samkøyre arbeidet og dele erfaring og kompetanse. Dei ser koplinga til klimaplanane i Vestland og at dette er eit initiativ som kan vere med og nå måla i utviklingsplan for Vestland. Dei viser også til plantema «Klimakunnskap og klimakommunikasjon» i gjeldande klimaplan for Sogn og Fjordane der ein har stimulert til at klima har vore eit tema innan ulike kunst og kulturuttrykk, t.d. miljøtiltak innan anleggsutvikling, bibliotekturnear og framsyningar i den kulturelle skulesekken. Fylkeskommunen sin eigen klima- og miljøkompetanse vil vere ein viktig ressurs dersom ein går vidare og utformar ein regional strategi/grønt vegkart for kultursektoren i Vestland.

Konklusjon

Det å vere ein del av klimaløysinga vil på sikt gi eit meir berekraftig kulturliv i regionen. Fylkeskommunen bør gå fram føre med gode dømer og kunnskapsbygging for kommunane, regionale aktørar, kulturinstitusjonane og kunst og kulturlivet.

Fylkesdirektøren rår difor til at Vestland fylkeskommune engasjerer seg i arbeidet med eit Grønt vegkart for kunst og kultursektoren og at ein utfordrar kulturlivet i Vestland til engasjement lokalt, regionalt og nasjonalt.